



Volda University of Applied Sciences?

TIRSDAG, 17. NOVEMBER 2015 -
0:11

[0 \(/debatt/volda-university-applied-sciences-ikkje-no#disqus_thread\)](#)

JOHANN ROPPEN
Rector, Høgskulen i Volda



**University. Førebelser ser det ut til å koste meir enn det smakar å skifte namn
frå Volda University College til Volda University of Applied Sciences, skriv
rektor Johann Roppen.**

Kunnskapsdepartementet seier at høgskular som har minst ei doktorgradsutdanning kan omtale seg som University. Det blir i så fall: Volda University of Applied Sciences.

Det er bra at Kunnskapsdepartementet er merksam på problemet kring norske titlar i internasjonale samanhengar. Høgskulen i Bergen var kjemperaske og tok invitasjonen på hælen og søkte om å endre engelsk namn med ein gong. Nettavisa Khrono skriv om dette:

Høgskolen i Bergen først ute med å söke University of applied sciences tittel.
[\(/2015/11/hogskolen-i-bergen-har-sokt-university-tittel\)](#)

Men i den same artikkelen går det fram at andre høgskular var litt meir avventande til dette. Blant anna er det ikkje slik at det er så eintydig kva «Applied sciences» betyr. I somme land er det faktisk slik at denne tittelen blir brukt av høgskular som ikkje tilbyr master og doktorgradsutdanning.

Høgskulektor [Kjetil Arve Myskja \(<http://www.hivolda.no/hivolda/utvida-sok/sokjeresultat/?&displayitem=397&module=admin>\)](http://www.hivolda.no/hivolda/utvida-sok/sokjeresultat/?&displayitem=397&module=admin) ved Høgskulen i Volda er medlem av [Universitets- og høgskulerådets arbeidsgruppe for terminologi](http://www.uhr.no/ressurser/temasider/terminologi) (<http://www.uhr.no/ressurser/temasider/terminologi>) og han har sett litt på det same spørsmålet og peikar på at til dømes i Finland er det faktisk ei heilt anna betydning av «Applied sciences» enn det Kunnskapsdepartementet føreset.

Det er rett og slett ikkje slik at det er så eintydig kva høgskulenamn som inneheld «university» faktisk betyr.

Mi meinings er at det førebels ser ut til å koste meir enn det smakar å skifte namn frå Volda University College til Volda University of Applied Sciences. Ei namneendring medfører mange små og store oppgåver og endringar - frå interne spørsmål som nettsider, visittkort og brevmalar - til muleg forvirring og uklårleik hos eksterne samarbeidspartar som kjenner oss som Volda University College.

Men er det noko som er i endring så er det høgskulesektoren. Om det blir att nokon høgskular i Noreg, og alle skiftar namn til University of applied sciences, så kan nok også Høgskulen i Volda nærast bli tvinga til å skifte namn.

Men eg kjem ikkje til å ta initiativ til å endre vårt engelske namn no.

(Bloggen er først publisert på [Johann Roppens rektorblogg](#)
[\(https://blogg.hivolda.no/jr/2015/11/13/volda-university-of-applied-sciences-interessant-men-ikkje-no/\)](https://blogg.hivolda.no/jr/2015/11/13/volda-university-of-applied-sciences-interessant-men-ikkje-no/))

Ω

0 Kommentarer Khrono

 Logg inn ▾

 Anbefal  Del

Nyeste først ▾



Start diskusjonen...

Vær den første til å kommentere.

OGSÅ PÅ KHRONO

HVA ER DETTE?

[Ny logo provoserer trønderne](#)

Én kommentar • for en måned siden



Skarven — Eksepsjonelt uklokt! Prosessen med å skape et navn for det nye universitetet var forbausende amatørmessig og kunnskapsløst ...

[Optimist for status som universitet](#)

2 kommentarer • for 20 dager siden



Lasse Saur — Det var en setning jeg likte under alternativ 2: «NOKUT gjennomfører en skjønnsmessig vurdering av kvantitative ...

[Manntungt på UHR-topen](#)

Én kommentar • for 8 dager siden



Bjørn Smestad — Det er egentlig pussig at det fortsatt finnes valgreglementer som ikke nevner kjønn i det hele tatt. ...

[Kvalitet - som eit svart hol?](#)

Én kommentar • for 6 dager siden



Tor Guttorm Syvertsen — Fusjoner og kvalitetssikring produserer visstnok store mengder Administratum: ...

 Abonnér



Legg Disqus til på din nettside



Personvern